



BACHELOROPPGÅVE

Litteratur som «spegel» og «vindauge» –
omfang av fleirkulturell litteratur i eit læreverk

Literature as “mirror” and “window” – the
extent of multicultural literature in a set of
textbooks

Oda Steindal Romarheim

PE379-1 19V

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI)

Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag

Grunnskulelærarutdanning 5-10

Rettleiar: Kirsti Lunde

10. mai 2019

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle

kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10.*

Samandrag

Denne bacheloroppgåva undersøker omfanget av fleirkulturell litteratur i eit læreverk for ungdomssteget. Litterære definisjonar ligg til grunn for den fleirkulturelle litteraturen, og det er tale om skjønnlitteratur. Metoden som er nytta for å kategorisere tekstane, er basert på ein definisjon av kvantitativ innhaldsanalyse. Det teoretiske rammeverket for oppgåva er i hovudsak teori om kva litteratur kan bidra med i barn og unge sine liv, med særskilt fokus på kulturforståing og identitetsutvikling.

Hovudfunn i oppgåva er at fleirkulturell litteratur er representert i læreverket, men ikkje i stor grad. I mange tilfelle er tekstane korte, noko som kan gjere det vanskeleg å få nytta det fulle potensialet til litteraturen. Kulturmøte og hybriditet er dei temaa flest tekstutdrag tek opp, noko mange kan relatere seg til. Få tekstar tek derimot opp temaet om migrasjonsopplevingar. Dette kan gjere det vanskeleg for minoritetslevar med migrasjonsbakgrunn å finne noko i det litterære pensumet som treffer dei.

Forord

Den største takken går til rettleiaren min, Kirsti Lunde, for verdifulle råd, grundige tilbakemeldingar og genuin interesse. Med di hjelp og dine innspel kan eg no levere eit produkt eg kan seie at eg er nøgd med! Det var også gjennom di undervisning at eg fatta interesse for emnet og såg viktigheita av eit litterært pensum i skulen som rommar fleirkulturell litteratur.

Takk til Ida. Det har vore veldig fint å skrive åleine, saman med deg!

Etter denne kvalifiseringsrunden vonar eg at eg snart er klar for finalen – med ei masteroppgåve.

Oda Steindal Romarheim

Sogndal, 08. mai 2019

Innhald

Innleiing	5
Føremålet med norskfaget	5
Lærebokteori	5
Problemstilling	6
Disposisjon for oppgåva	6
Presentasjon av teorigrunnlag	7
Tidlegare forskning på fleirkulturelle perspektiv i lærebøker	8
Fire definisjonar på fleirkulturell litteratur	8
Metode, materiale og utval	11
Innhaldsanalyse	11
Empiriske val og avgrensingar	12
Kriterium for utveljing av tekstar	13
Samla oppsummering av funn	15
Organisering av tekstane	15
Resultat	15
Analyse av funn	17
Omfang	17
Lengde på tekstane	18
Tematikk i tekstane	18
Vurdering av metode og empiri	19
Drøfting av funn	21
Omfang	21
Lengde på tekstane	22
Tematikk i tekstane	22
Avslutning	25
Forslag til vidare forskning	25
Kjelder	26
Vedlegg	28
Vedlegg 1: Tabell 1	28
Vedlegg 2: Tabell 2	30
Vedlegg 3: Tabell 3	31
Vedlegg 4: Tabell 4	32
Vedlegg 5: Tabell 5	34

Innleiing

Føremålet med norskfaget

Litteraturen sin plass i skulen er viktig. Når det kjem til kva tekstar norskfaget skal ta føre seg, er læreplanen i norsk den viktigaste rettesnora. Læreplanverket er politiske styringsdokument og speglar samfunnet sine prioriteringar og verdier (Smidt, 2005, s. 32). Læreplanen i norsk byrjar med å seie dette om føremålet med faget:

«Norsk er eit sentralt fag for kulturforståing, kommunikasjon, danning og identitetsutvikling. Gjennom aktiv bruk av det norske språket blir barn og unge innlemma i kultur og samfunnsliv, og rusta til å vere med i arbeidsliv og demokratiske prosessar. Norskfaget opnar ein arena der dei får høve til å finne sine eigne stemmer, ytre seg, bli høyrde og få svar» (Kunnskapsdepartementet, 2013).

Denne formuleringa gjev eit klårt perspektiv på kva norskfaget skal fremje. Faget skal vise vegen for elevane inn i samfunnet vårt, blant anna ved at dei skal utvikle kulturforståing; dette handlar om at ein skal forstå den kulturen ein sjølv er ein del av, samt å utvikle forståing og respekt for andre kulturar. I tillegg skal faget hjelpe barn og unge i identitetsutviklinga, noko som handlar om at ein skal kunne finne seg sjølv og sin plass i samfunnet. Dette er noko litteraturen kan bidra med: Den kan fungere som eit «vindaug» ut mot verda, samstundes som den kan fungere som «spegel» ved at ein kan kjenne seg att og forstå seg sjølv (Hennig, 2017, s. 104-106). Når vi ser at litteraturen kan spele ei rolle i barn og unge sine liv, blir det viktig å sjå på kva tekstar elevane faktisk møter i skulen i dag. I denne omgang er det læreboka eg vil undersøkje.

Lærebokteori

Læreboka er kompleks litteratur som kan vere vanskeleg å definere. Egil Børre Johnsen seier at vi kjem langt dersom «... vi bestemmer læreboken som litteratur skrevet direkte med tanke på systematisk undervisning for bestemte undervisningstrinn» (1999, s. 9). Forskrift til opplæringslova § 17-1 definerer læremiddel som «... alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som er utvikla til bruk i opplæringa. Dei kan vere enkeltståande eller gå inn i ein heilskap, og dekkjer aleine eller til saman kompetansemål i Læreplanverket for Kunnskapsløftet» (2006). Lærebøker er trykte element som nyttast i undervisningssamanheng for å dekkje kompetansemål ulike fag. I St.meld. nr. 30 (2003–

2004) Kultur for læring kjem det fram at læremiddel «... er en viktig del av skolens virkemidler i opplæringen. Kvalitetsutvalget viser til at lærebøkene er det dominerende læremiddelet, og at lærebøkene sammen med læreplanen er utgangspunkt for utarbeidelse av årsplaner for skolene» (s. 35). Medan L97 var ein innhaldsstyrt læreplan, er ikkje LK06 innhaldsstyrt. Læreplanen legg heller opp til kompetansemål som skal nåast. Det finst heller ikkje ei nasjonal kvalitets- og godkjenningssordning for lærebøker. Begge desse faktorane er med på å gi læremiddelprodusentane større fridom i val av innhald (Kunnskapsdepartementet, 2016, s. 75). Sidan lærebøkene kan påverke litteraturundervisninga i skulen, er det difor interessant å studere tekstutvalet i dei.

Problemstilling

Mitt utgangspunkt for denne oppgåva var eit ynskje om å undersøkje den fleirkulturelle litteraturen sin plass i læreverk. Eg har difor valt ut eit læreverk for ungdomssteget som eg vil undersøkje: *Nye Kontekst 8-10 Basisbok* (2014) og fire tilhøyrande tekstsamlingar, eller antologiar. Problemstillinga er som følger: Korleis er omfanget av fleirkulturell litteratur i *Nye Kontekst Basisbok* og i dei fire tilhøyrande antologiane?

Disposisjon for oppgåva

Vidare i oppgåva vil eg i teorikapittelet seie noko om kva den fleirkulturelle litteraturen kan bidra med i barn og unge sine liv, om tidlegare forskning på det fleirkulturelle perspektivet i lærebøker, og til slutt presentere eit utval av definisjonar på fleirkulturell litteratur. Metoden eg har valt å nytte er basert på Øyvind Bratbergs definisjon av kvantitativ innhaldsanalyse (2018), og ut frå denne har eg laga nokre kriterium for utveljing av tekstar. Methodedelen vil difor ta føre seg dei metodiske vala eg har gjort, avgrensingar med tanke på empiri, og ein presentasjon av kriteria for tekstutveljinga. Analysekapittelet skildrar funna og avsluttast med ei vurdering av metodiske og empiriske val. I drøftinga ser eg funna i lys av kva som er føremålet med litteraturundervisninga i norskfaget. Oppgåva avsluttast med ei oppsummering av dei viktigaste funna og refleksjonar kring vidare forskning.

Presentasjon av teorigrunnlag

Som eg var inne på i innleiinga, har litteraturen ein viktig plass i norskfaget, og når det kjem til føremålet med norskfaget om å utvikle kulturforståing, er det vi omtalar som *tekstkultur* særleg interessant (Hennig, 2017, s. 63). Tekstar er kulturuttrykk som tek føre seg den «sosiale arven» til eit samfunn. Den fleirkulturelle litteraturen kan bidra til kulturforståing ved at den kan gje oss kunnskap om andre kulturar, og kva verdiar og haldningar som er viktige for desse. Lesaren kan bli kjent med ulike sider ved eit samfunn, og kan sjå at det er variasjonar, både mellom ulike samfunn og innanfor same samfunn (Hennig, 2017, s. 39). Utvikling av empati er eit argument for legitimeringa av undervisning i skjønnlitteratur i skulen; det er ikkje berre tale om å *lære om* andre kulturar, men at det å lese fleirkulturell litteratur, og annan skjønnlitteratur, kan gi trening i å føle ved at ein *opplever* korleis andre har det (Hennig, 2017, s. 36). Det er noko anna enn å lese ein faktatekst om ein annan kultur, fordi ein gjennom skjønnlitteratur kan skape eit personleg forhold til hovudpersonane og oppleve det dei opplever (Hennig, 2017, s. 102). Litteraturen fungerer altså som eit «vindauge» ut mot verda, noko som kan vere med på å minske skiljet mellom «oss» og «dei», men det kan også vere med på å synleggjere mangfaldet i samfunnet på ein positiv måte (Hennig, 2017, s. 102-104).

I den generelle delen av læreplanen som angjev overordna mål for opplæringa, står det at skulen skal vere «... eit samfunn i miniatyr som må femne hovuddraga av samfunnet utanfor» (Kunnskapsdepartementet, 1993). Noreg er, i større grad enn tidlegare, blitt eit fleirkulturelt samfunn på grunn av ulike globaliseringsprosessar; aukande grad av immigrasjon går innunder her. Dette må litteraturundervisninga spegle. Litteraturen må treffe *alle* elevane, og her kan ein trekkje inn perspektivet om identitetsutvikling, som vert nemnt saman med kulturforståing i læreplanen sin føremålsdel. Torill Strand understrekar at «barn og unge med minoritetsbakgrunn trenger, som alle andre, positive forbilder i de ulike miljøene de lever i» (2009, s. 12). Åsmund Hennig seier at vi *søker* identifikasjon og tilknytning i litteraturen (2017, s. 103). Det å kunne kjenne seg igjen, finne seg sjølv og sjå ulike måtar å møte verda på, er viktige sider ved identitetsarbeidet, og noko litteraturen kan hjelpe oss med. Då er det viktig at det litterære pensumet tek omsyn til mangfaldet i klasserommet, slik at alle elevar får møte tekstar dei kan kjenne seg att i, og på denne måten møte litteratur som kan fungere som «spegel» for dei (Hennig, 2017, s. 105). Fleirkulturell litteratur lyftar ofte fram kulturelle dilemma som dei med minoritetsbakgrunn kan relatere seg til. På denne måten kan norskfaget vere ein arena der barn og unge – også dei med minoritetsbakgrunn – «... får høve til å finne sine egne stemmer, ytre seg, bli høyrd og få svar» (Kunnskapsdepartementet, 2013). Diskusjonar rundt tematikken i klassen kan skape større forståing og aksept for mangfaldet ein møter

i skulen og i samfunnet. Slik innsikt i eigen og andre sine kulturar vil naturleg nok kunne påverke *alle* unge menneske som prøver å finne sin plass i samfunnet, og hjelpe dei i identitetsarbeidet.

Tidlegare forskning på fleirkulturelle perspektiv i lærebøker

Det har vore forska noko på det fleirkulturelle perspektivet i lærebøker i norskfaget tidlegare. Ida Marie Carlsen (2015) har i si masteravhandling blant anna analysert tekstsamlingane til tre læreverk på mellomsteget: *Safari*, *Zeppelin* og *God i ord*. Ho har sett på bøker for femte, sjette og sjuande steg. I desse bøkene har Carlsen sett på tekstar som tematiserer kulturelt mangfald, og ho har særleg sett på kva land dei ulike forfattarane av tekstane som er representerte, kjem frå (2015, s. 35). Som ei slutning på lærebokanalysen skriv Carlsen at tekstkorpuset i desse bøkene ikkje inneheld så mange tekstar frå andre land enn dei som ligg nærast Noreg med tanke på kultur, verdssyn og verdiar (2015, s. 37). Når det gjeld litteratur som går inn under definisjonen på fleirkulturell litteratur, seier ho dette: «Om man legger litterære definisjoner på flerkulturell litteratur til grunn for analysen, kan flere av tekstene sies å være flerkulturelle ved at de tar opp tematikk fra flerkulturelle samfunn. Likevel begrenser dette seg til å gjelde svært få tekster samlet sett» (Carlsen, 2015, s. 37). Carlsen har altså sett på det fleirkulturelle perspektivet, men i vidare forstand enn det eg tenkjer å undersøke i min empiri. Ho har inkludert all litteratur som tematiserer fleirkulturelle perspektiv, også saktekstar. I min analyse tek eg utgangspunkt i den litterære definisjonen på fleirkulturell litteratur og ser då på skjønnlitteratur. Vidare blir mitt fokus på innhaldet i tekstane, utan å ta bakgrunnen til forfattarane i betraktning.

Fire definisjonar på fleirkulturell litteratur

Migrasjonslitteratur, eksillitteratur, kosmopolitisk litteratur, translingval litteratur og interkulturell litteratur er nokre av termene som vert nytta om det som eg har valt å kalle for *fleirkulturell litteratur* (Kongslie, 2015, s. 221). Dei ulike omgrepa vert nytta om ulike aspekt, og i det følgjande vil eg presentere tre definisjonar på litteraturen. Det er ikkje alltid eit like tydeleg skilje mellom definisjonane, men det er likevel enkelte nyansar forfattarane legg vekt på som gjer at ein kan skilje dei frå kvarandre.

Tidlegare har termene «innvandrarlitteratur» eller «migrantlitteratur» vore mykje nytta. Den kjente forskaren på feltet, Ingebjørg Kongslie, brukte i 2002 termen «innvandrarlitteratur» om litteratur

skrivne av ein person med immigrantbakgrunn. Ho problematiserte sjølv omgrepet allereie den gongen, og i 2005 sa ho at omgrepet kan verke innsnevrande og generaliserande (i Strand, 2009, s. 46). Sidan den gong har bruken av og innhaldet i omgrepet endra seg. Det er ikkje gitt at det er migrasjonserfaringar og kultur møte som vert tematisert i eit verk av ein person med innvandrarbakgrunn. På same tid kan ein forfattar frå vertslandet skrive om og utforske sider ved tematikken. Det er i hovudsak dette debatten kring omgrepsbruken har gått ut på, og seinare definisjonar er innforstått med at det er innhaldet i tekstane som avgjer om eit verk skal kunne kategoriserast som fleirkulturell litteratur.

Ein annan definisjon som syner seg å vere litt romlegare, er den ein finn hjå Ahmed Khateeb (2018), som definerer fleirkulturell litteratur som litteratur som tematiserer varige kultur møte. Han set denne litteraturen opp mot reiselitteratur, der kultur møta som oftast berre er for ein avgrensa periode (s. 285). Vidare spesifiserer han at omgrepet vert nytta om litteratur der kulturelt mangfald vert tematisert. Han understrekar at kultur er eit dynamisk omgrep som stadig er i endring. Det er ikkje berre tale om skilnadar mellom ulike kulturar, men også endringar innanfor ein og same kultur. Noreg er ikkje eit åtskilt land utan kontakt med omverda; den norske kulturen vert påverka av andre kulturar, i tillegg til at det bur folk frå heile verda i landet vårt. Alt dette er med på å forme kulturen, og som Khateeb seier, kan det vere vanskeleg å tale om ein «tradisjonell» norsk kultur (2018, s. 286). I litteraturen kan kulturelt mangfald bli representert på ein direkte eller ein indirekte måte. Når kulturelt mangfald vert tematisert direkte, blir kultur møte, identitet, samansette samfunn – og korleis desse aspekta påverkar kvarandre – hovudtema i tekstane. Når kulturelt mangfald vert presentert indirekte, ligg det der som eit bakteppe utan å bli tematisert eksplisitt (2018, s. 288-289). Døme på dette kan vere når hovudpersonane i ei bok er av ulik etnisitet, men utan at dette har noko å seie for den eigentlege handlinga.

Tidlegare lærar og høgskulelektor, Torill Strand, diskuterer også spørsmålet om omgrepsbruk i fagboka *Litteratur i det fleirkulturelle klasserommet* (2009). Ho nyttar sjølv termen migrasjonslitteratur, og seier at dette er litteratur «... som tematiserer kultur møter, migrasjonsopplevelser og integreringsprosesser. Slike tekster forteller ofte noe om identitetsutvikling og globalisering i dag» (s. 48). Strand tek også opp temaet om «det hybride» eller «det tredje rom» som oppstår når ein person lever både i og mellom to kulturar. Migrasjonslitteraturen syner korleis karakterane taklar det å skulle finne seg sjølv i dette «tredje rommet», og kjenslene knytt til dette er sjølvsagt ulike frå person til person. Det som er felles for alle, ligg i overgangen – i spenningsfeltet mellom den gamle og den nye kulturen – der likskapar og skilnader møtast; her vil ein rekonstruere sin eigen identitet (Strand, 2009, s. 50). Strand inkluderer ikkje berre verk som omhandlar menneske

som har migrert sjølve, men også verk som tek føre seg andregenerasjons innvandrara med foreldre som har migrert (2009, s. 52). Dei veks opp i vertslandet, men tek samstundes del i kulturen til foreldra. Som ein kan sjå, rommar definisjonane som er blitt representert fleire av dei same elementa. Likevel er det denne siste definisjonen eg tek utgangspunkt i når eg skal utarbeide kriterium for utveljing av tekstar. Eg meiner denne er den mest presise for mitt føremål, fordi den opnar for å nytte litteraturen som «spegel» og «vindauge». Den tek opp tematikk som mange med innvandrarbakgrunn kan kjenne og som att i – som integrasjonsprosessar, migrasjonsopplevingar og identitetsarbeid i det tredje rom –, og kan på denne måten fungere som «spegel». På same tid kan temaa vere «vindauge» for andre og gje verdifullt innsyn i andre kulturar (Hennig, 2017, s. 103).

Metode, materiale og utval

For å svare på problemstillinga har eg valt å gjennomføre ein innhaldsanalyse av tekstane i basisbok og antologiar tilhøyrande *Nye Kontekst 8-10*. I denne delen vil eg leggje fram kva innhaldsanalyse er. Eg vil også presentere lærebokmaterialet og avgrensingar eg har gjort med tanke på metode og utval. Til slutt vil eg leggje fram utvalskriteria som er nytta i innhaldsanalysen.

Innhaldsanalyse

Ein mykje brukt referanse når det kjem til innhaldsanalyse, er Klaus Krippendorf. Han forstår innhaldsanalyse som «... en teknikk for å trekke repliserbare og valide slutninger fra data til kontekst» (i Bratberg, 2018, s. 101). Denne definisjonen er svært romleg, og den inkluderer både kvantitative og kvalitative teknikkar. Definisjonen til Øyvind Bratberg gjev derimot ei meir avgrensa forståing av innhaldsanalysen. Han definerer metoden som «... teknikk for sammenfatting og beskrivelse av innhold i tekst ved hjelp av kvantitative mål» (2018, s. 101). Det handlar om å måle førekomsten av bestemte element i ein tekst gjennom talfesting som legg grunnlaget for ein vidare statistisk analyse (Bratberg, 2018, s. 101). I ein innhaldsanalyse, ut frå hans forståing, er ein altså oppteken av det konkrete og det ein kan observere, og metoden er kvantitativ. Det er ikkje tale om å tolke meining ut frå den enkelte tekst, og konsekvensane av budskapet i ein tekst – effekten på lesaren – er normalt ikkje vektlagt (2018, s. 102-103). Bratberg argumenterer for å halde kvalitative og kvantitative teknikkar åtskilt, og heller samle dei kvalitative teknikkane som går ut på å spore budskapar og innhald i tekstar, i eigne kategoriar. Her trekker han til dømes fram idéanalyse og diskursanalyse (2018, s. 101).

Bratberg er samfunnsvitar, og metodeboka hans er retta mot samfunnsvitarar. I boka talar han om kvantitativ innhaldsanalyse som ein rein statistisk analyse (2018, s. 101). Om ein skal forstå omgrepet statistisk analyse slik ein gjer det i samfunnsvitskapen, må ein ta til med dataprogram og kodespråk, noko eg ikkje skal gjere. Eg skal kategorisere tekstar ut frå ein bestemt sjanger, ikkje telje førekomsten av bestemte ord eller formuleringar. Det at eg nyttar tematiske kriterium, som eg sjølv har utarbeida og definert, gjer at eg samstundes som eg reknar omfanget av denne typen litteratur, òg går inn på korleis førekomstane av litteraturen er i læreverket. Det er difor ikkje fruktbart for meg å skilje mellom kvantitative og kvalitative teknikkar på same måte som Bratberg gjer, då min metode er litt av begge deler.

Bratberg legg fram to termar i samanheng med analysen: Ei *utvalseining* er ein tekst som inngår i analysematerialet, der element ein er ute etter skal kunne sporast. Som oftast er det tale om meir enn éi slik eining som del av analysematerialet. I mitt tilfelle er dei aktuelle tekstane i lærebøkene mine utvalseiningar. Ei *kodingseining* er dei elementa ein leitar etter i utvalseiningane. Det kan vere ord, frasar eller andre meiningsberande element (2018, s. 105-106). Mine kodingseiningar vert utvalskriteria for fleirkulturell litteratur som presenterast i slutten av kapittelet. Bratberg understrekar at kodinga bør byggje på ein detaljert instruks slik at ein minimerer risikoen for subjektive tolkingar (2018, s. 106). Dette er noko av styrken ved ein slik metode; den kan i høg grad etterprøvast dersom instruksen for kodinga er konkret og tydeleg nok – den har med andre ord høg reliabilitet (Bratberg, 2018, s. 119).

Bratberg seier at innhaldsanalysen «... skal kunne si oss noe distinkt om ideer, verdier, holdninger hos den som har forfattet teksten» (2018, s. 102). I denne oppgåva kjem eg ikkje til å kunne seie noko spesifikt om kva idear, haldningar og verdier kvar enkelt tekst gjev uttrykk for, men ved å kartleggje omfanget kan eg sjå på forholdet mellom fleirkulturell litteratur og annan litteratur. Eg vil då kunne seie noko om kva forfattarane av lærebøkene ser på som viktig med tanke på kva tekstutval dei vil at elevane skal få møte i skulen.

Empiriske val og avgrensingar

I min analyse har eg sett på *Nye Kontekst 8-10 Basisbok* (2014) og fire tilhøyrande tekstsamlingar: *Kontekst 8-10 Tekstar 1* (2006), *Kontekst 8-10 Tekstar 2* (2006), *Kontekst 8-10 Tekstar 3* (2010) og *Nye Kontekst 8-10 Tekstar 4* (2014). *Nye Kontekst Basisbok* er utgjeven etter læreplanrevisjonen i 2013, noko som er éin grunn til at eg valte dette verket. *Tekstar 4* er einaste av antologiane som er utgjeven etter revisjonen, men sidan basisboka legg opp til arbeid med fire tekstsamlingar, vel eg difor å undersøkje alle. Dette vil gje eit meir fullstendig bilete av den fleirkulturelle litteraturen sin plass i læreverket.

Med tanke på omfang har eg gjort nokre avgrensingar i undersøkinga mi av lærebøkene: Eg har valt å ta utgangspunkt i basisboka, sidan det er denne boka ein nyttar mest i undervisningssamanheng. Tekstsamlingane er tilleggsmateriale, og det er lite truleg at elevane i éin klasse nyttar alle fire. Basisboka inneheld både eigne eksempeltekstar og tekstutdrag, i tillegg til at den refererer til tekstar i alle fire tekstsamlingane. Etter kvart kurs i basisboka følgjer det ein blå oppgåvedel. Her finn ein

blant anna referanse til vidare lesing under overskrifta «aktuelle tekstar». I nokre av oppgåvene vert det også lagt opp til at ein skal lese tekstar frå tekstsamlingane. Eg vil sjå på alle tekstutdraga i basisboka; her er eksempeltekstar, tekstar frå oppgåvedelane og utdrag i løpande tekst frå kursdelane inkludert. Eg vil også sjå på dei tekstane frå antologiane som basisboka refererer til under «aktuelle tekstar» i oppgåvedelen til kvart kurs. I tillegg vil eg telje kor mange gonger basisboka legg opp til arbeid med dei ulike tekstane ved å referere til dei i oppgåvedelane; her inkluderer eg referansar til tekstar både inne i sjølve basisboka og til tekstar i antologiane. Ei viktig klårgjering er at eg vil sjå på dei tekstane som det blir referert til *eksplisitt*. I nokre oppgåver vert det lagt opp til at ein kan ta utgangspunkt i ein valfri tekst frå ei av tekstsamlingane, men slike referansar vert ikkje inkludert.

I dei fleste tilfella er tekstane, eller utvalseiningane, utdrag frå lengre tekstar. Når eg ser på kva tekstar som passar med mine kriterium, kjem eg utelatande til å ta i betraktning det *tekstutdraga* i basisbok og antologiar tek opp av tematikk. Dersom nokre av tekstane går inn under kategorien fleirkulturell litteratur i sin «fulle» form, men ikkje slik dei syner seg i lærebøkene, vert dei heller ikkje medrekna. Dette grunnjev eg med at det er det som står i lærebøkene, elevane vil møte når dei jobbar med bøkene.

Kriterium for utveljing av tekstar

I presentasjonen av innhaldsanalyse definerte eg kodingseiningar som dei elementa eg skal leite etter i tekstane eg undersøker. I min analyse nyttar eg *tematisk definerte* kodingseiningar (Bratberg, 2018, s. 105). Eg baserer meg ikkje på bestemte ord, setningar, utsegner eller argument, og heller ikkje på fysiske skilje som ei bokside. Eg må sjå på kva tematikk tekstane tek opp og ut frå dette avgjere om tekstane kan kategoriserast som fleirkulturell litteratur. Ei av innhaldsanalysen sine sterkaste sider er at den har høg reliabilitet dersom kodingseiningane er konkrete og tydelege. Bratberg påpeiker at tematisk definerte kodingseiningar er mindre vanleg enn kriterium som går på til dømes ord eller fraser, fordi det kan vere vanskelegare å etterprøve (2018, s. 105). Ei viktig oppgåve for meg blir då å utvikle tematiske kriterium som er så tydelege at ei etterprøving vil kunne gje mest mogleg same resultat. Etter ei undersøking av dei ulike definisjonane av fleirkulturell litteratur, har eg med utgangspunkt i definisjonen til Torill Strand kome fram til fire kriterium for utveljing av tekstar eg ynskjer å nytte: hybriditet, kulturmøte, integrasjonsprosessar og migrasjonsopplevingar. Det er moglegheitene som ligg i den fleirkulturelle litteraturen – å nytte litteratur som «spegel» og «vindauge» – som har lege i bakhovudet mitt under utarbeidinga av kriteria.

Det første kriteriet er temaet om hybriditet. Eg ynskjer å inkludere tekstar som har med identitetsutvikling å gjere. Dette er tekstar som tematiserer opplevingar og kjensler knytt til eigen identitet når ein har ein fot i fleire kulturar, anten om ein sjølv har migrert, eller om ein har foreldre som har migrert. Det andre kriteriet er tekstar som tek opp kulturmøte. Kulturomgrepet er mykje omdiskutert. Edward Taylor foreslo denne definisjonen i 1871: «Kultur, eller sivilisasjon, er den komplekse helhet som består av kunnskaper, trosformer, kunst, moral, jus og skikker, foruten alle de øvrige ferdigheter og vaner et menneske har tilegnet seg som medlem av et samfunn» (i Eriksen & Sajjad, 2015, s. 35). Eit hovudpoeng her er altså at kultur er eigenskapar og kunnskapar som er lært, og skilnadar mellom ulike folkegrupper er slik fordi samfunnet dei er ein del av, krev dette. Kulturmøte oppstår når menneske frå ulike kulturar kjem i kontakt, og eg vil inkludere tekstar som tematiserer aspekt ved kulturkontakt. Her vil eg presisere at det er tale om kulturmøte som er varige. Ei reiseskildring der ein kjem i kontakt med menneske frå andre kulturar, vil ikkje bli medrekna. Det tredje kriteriet er tekstar som tek føre seg integrasjonsprosessar. Staten har opp gjennom historia nytta tre hovudstrategiar i sin behandling av minoritetar: segregering, assimilasjon og integrasjon (Eriksen & Sajjad, 2015, s. 79-80). Segregering går ut på at minoritetsgruppa vert fysisk åtskilt frå majoriteten, assimilasjon handlar om å gjere minoriteten lik majoriteten, medan integrasjon legg opp til deltaking i samfunnet sine felles institusjonar, samstundes som at gruppene får halde på gruppeidentitet og kulturelle særpreg. Eriksen og Sajjad påpeiker at det i dei fleste tilfella vil vere ein kombinasjon av desse tre strategiane i relasjonsbygginga mellom majoritet og minoritet. Det siste kriteriet eg vil leggje vekt på, er temaet om migrasjonsopplevingar. Omgrepet «migrasjon» er av latinsk opphav og tyder vandring, og det handlar om det å flytte seg frå eit område til eit anna (Store norske leksikon [SNL], 2018a). I følge den nyaste oppdateringa til Statistisk sentralbyrå (2019) er det 944 405 innvandrarak i Noreg i dag, ei auke på nesten sju prosent frå 2017. Talet inkluderer både første gongs innvandrarak og norskfødde med innvandrarakforeldre. Dette viser at globaliseringsprosessar som migrasjon i aller høgste grad er aktuell i dag. Difor ynskjer eg å inkludere tekstar som tek føre seg opplevingar knytt til dette. Eg meiner at alle desse fire temaa kan opne for både kulturforståing og identitetsutvikling. Til slutt er det viktig å påpeike at ein tekst – i min empiri – ikkje treng å oppfylle alle kriteria for å kunne kallast fleirkulturell litteratur, men den er nøydd til å ta opp minst eitt av temaa.

Samla oppsummering av funn

I denne delen vil eg gje ein kort presentasjon av resultatet av undersøkinga i tabellform. Før dette vil eg seie noko om korleis eg har organisert tekstane.

Organisering av tekstane

Nye Kontekst Basisbok er bygd opp slik: Basisboka er inndelt i kapittel med tilhøyrande kurs. Dei ulike kursa skal stå for deltrening og legg fram fagstoff. Kvart kurs har vidare eigne læringsmål, eksempeltekstar, tips, fordjupingar, ordforklaringar og oppsummeringar. Bakarst i kvart kurs finn ein nokre blå sider med oppgåver knytt til fagstoffet i kurset. Det er fire antologiar som høyrer til læreverket: *Tekstar 1, 2, 3 og 4*. I desse finn ein eit utval av ny og eldre litteratur, både sakprosa og skjønnlitteratur, som kan brukast i arbeidet med dei ulike kursa. For å gjere teljinga av tekstane enklast mogleg har eg organisert tekstane i fem ulike kategoriar, og vedlagt finn ein fem tabellar: Tabell 1 (vedlegg 1) er ei oversikt over tekstane i antologiane som basisboka refererer til i oppgåvedelane. Tabell 2 (vedlegg 2) og 3 (vedlegg 3) syner begge tekstar frå basisboka: eksempeltekstar frå kursdelane og tekstutdrag frå oppgåvesidene. Tabell 2 viser tekstar som er kortare enn ei halv side, medan tabell 3 viser tekstar som er lengre enn ei halv side. Tabell 4 (vedlegg 4) er ei oversikt over kor mange gonger oppgåvene i basisboka legg opp til arbeid med utdrag frå sjølve basisboka. Tabell 5 (vedlegg 5) viser tekstutdrag i løpande tekst i kursdelane. Alle tabellane viser aktuelle sidetal frå basisbok og antologiar, tal på tekstar og titlar. Det står også kva sjangertype dei fleirkulturelle tekstane er: utdrag frå roman, novelle, dikt osv. Dei tekstane som vert rekna som fleirkulturelle, er utheva med feit skrift. Eg har i tillegg skrive kva kriterium eg har vurdert at tekstane går under.

Resultat

Dette er resultatet eg har kome fram til:

Type førekomst i læreverket	Totalt tal tekstar	Fleirkulturelle tekstar	Datagrunnlag
Referansar til antologiane i oppgåvedel	115	15 Kulturmøte: 8 Hybriditet: 8 Migrasjonsopplevingar: 2 Integrasjonsprosessar: 6	Tabell 1
Basisboka, kortare enn ei halv side	50	1 Migrasjonsopplevingar: 1	Tabell 2
Basisboka, lengre enn ei halv side	8	1 Kulturmøte: 1	Tabell 3
Refererer til tekstane i basisboka	101	2 Migrasjonsopplevingar: 1 Kulturmøte: 1	Tabell 4
Tekstutdrag i løpande tekst i kursdelane	79	0	Tabell 5
Til saman	353	19	
Prosent: 5,4			

Analyse av funn

Føremålet med denne undersøkinga har vore å finne ut av korleis omfanget av fleirkulturell litteratur i læreverket *Nye Kontekst 8-10* er. Dette kapittelet er ei vidare utdjuping av funna eg har kome fram til i undersøkinga. Eg vil seie noko om omfang, lengde på tekstane og tematikk i tekstane.

Omfang

Som eg la fram under «Samla oppsummering av funn», reknar eg 5,4 prosent av all skjønnlitteratur som basisboka legg opp til arbeid med som fleirkulturell litteratur. Dette vil seie 19 av 353 tekstar. I denne samanheng er det eit par punkt eg vil seie noko om:

I basisboka var det *ingen* av utdraga i løpande tekst eg ville rekne som fleirkulturell litteratur. Når det gjeld eksempeltekstane frå kursdelane og tekstane på oppgåvesidene, har eg gjort ei ytterlegare inndeling: tekstar som er kortare enn ei halv side, og tekstar som er lengre enn ei halv side. Denne inndelinga gjorde eg fordi lengda på eit tekstutdrag heng saman med korleis teksten opnar for arbeid med litteraturen. Som tabellen over syner, reknar eg éin av 50 tekstar som er kortare enn ei halv side som fleirkulturell litteratur, medan eg reknar éin av åtte tekstar som er lengre enn ei halv side som denne typen litteratur. Vidare har eg sett på kor mange gonger basisboka refererer til og legg opp til arbeid med nettopp desse tekstutdraga. Her fant eg at basisboka refererer til dei to fleirkulturelle tekstutdraga éin gong kvar.

15 av 115 tekstar frå antologiane som basisboka refererer til på dei blå oppgåvesidene, reknar eg som fleirkulturelle. Noko å leggje merke til her, er at nokre av tekstane vert referert til fleire gonger: Novella «Matt 18.20» frå *Tekstar 1*, utdraget *Frosten kom tidlig* i *Tekstar 2*, utdraget *Sms från Soppero* i *Tekstar 3* og monologen «Fornorskningsoffer» i *Tekstar 4* blir alle referert til to gonger. I realiteten kan ein då seie at det er tale om *elleve* forskjellige fleirkulturelle tekstar. Dette gjer utvalet av fleirkulturell litteratur som elevane kan møte, mindre.

Til saman er talet på *forskjellige* fleirkulturelle tekstar som ein finn i *Nye Kontekst 8-10 Basisbok* og fire tilhøyrande antologiar, 13.

Lengde på tekstane

Noko av det første eg la merke til under gjennomgangen av basisboka, var at tekstutdraga ofte er svært korte. I basisboka fant eg to fleirkulturelle tekstutdrag. Eg har plassert éin tekst under kategorien «kortare enn ei halv side», og éin under «lengre enn ei halv side». Det korte tekstutdraget er eit avsnitt på 17 liner, medan teksten i den andre kategorien dekte litt meir enn ei halv side. Når det kjem til lengde på tekstutdraga i antologiane, er desse lengre enn utdraga frå basisboka. Alle bortsett frå éin tekst – eit dikt – er på to sider eller meir. Sju av desse tekstane er utdrag frå romanar, og av dei fullstendige tekstane er tre tekstar noveller, éin er eit dikt og éin er ein songtekst.

Tematikk i tekstane

Når det kjem til kva tematikk tekstane tek opp, vil eg leggje fram kva tematiske kriterium eg plasserte dei fleirkulturelle tekstane under. Ein tekst kunne bli plassert under éin eller fleire av kriteria. Dette betyr at talet på tekstar som blir presentert under ikkje korresponderer med det samanlagde talet på fleirkulturelle tekstar eg har identifisert. Dei fire kriteria var hybriditet, kulturmøte, integrasjonsprosessar og migrasjonsopplevingar, og slik ser det ut: Åtte tekstar vart plassert under hybriditet, ti tekstar under kulturmøte, seks tekstar under integrasjonsprosessar og fire tekstar under migrasjonsopplevingar. Som eg har vore inne på, vert nokre av tekstane referert til fleire gonger. Når ein trekkjer frå desse tekstane, står ein att med seks tekstar som tek føre seg hybriditet, sju tekstar som tek føre seg kulturmøte, fem tekstar som tek føre seg integrasjonsprosessar og tre tekstar som tek føre seg migrasjonsopplevingar. Flest tekstar tek altså føre seg kulturmøte, medan færrest tematiserer migrasjonsopplevingar.

Trass i at kriteria mine var relativt klare og tydelege, var det i nokre tilfelle vanskeleg å avgjere om ein tekst skulle kategoriserast som fleirkulturell litteratur eller ikkje. Dette gjaldt særleg dei eldre tekstane i antologiane som novellene «Matt 18.20» og «Skolegutt», og diktet «Sprinterne». «Matt 18.20» handlar om ein mørkhuda mann som på grunn av hudfarge blir jaga vekk frå kyrkja. «Skolegutt» handlar om ein samisk gut som går på norsk internatskule. Dette er altså frå den tida då fornorskingspolitikken overfor samane føregjekk. Diktet «Sprinterne» vart skriva til OL i Berlin i 1936, der afroamerikanaren Jesse Owens vann fleire gullmedaljar, og diktet tek opp temaa om rasehat og jødeforfølgjing. Ein finn alle desse i *Tekstar 1* som har fokus på tekstar skrivne før 1980; med andre ord kan ein seie at dette er litt eldre tekstar som gjerne tek føre seg tematikk som kanskje ikkje er

like enkelt for elevar å relatere seg til i dag. Eg valte likevel å inkludere tekstane, fordi eg meiner alle går inn under kriteriet integrasjonsprosessar.

Vurdering av metode og empiri

Avslutningsvis i kapittelet vil eg diskutere fordelar og ulemper ved val av empiri og metode. Når det kjem til val av empiri, valte eg å ta utgangspunkt i *Nye Kontekst 8-10 Basisbok* for å sjå på omfanget av fleirkulturell litteratur og kor ofte ho la opp til arbeid med slike tekstar. Ein konsekvens av ei slik avgrensing var då at eg ikkje fekk undersøkt alle tekstane i antologiane, berre dei basisboka refererte til eksplisitt. Det er godt mogleg at det finst fleire tekstar som går under kategorien, utan at eg har fått undersøkt desse. Mitt argument for å gjere ei slik avgrensing var at det er basisboka som dekkjer fagstoffet i norsk, og det er sannsynleg å tenkje seg at dei tekstane denne boka presenterer og legg opp til arbeid med, er dei tekstane elevane vil møte. Eit anna moment ved val av empiri er det faktum at eg har sett på eitt læreverv for ungdomssteget. Eg kan ikkje seie noko om andre læreverv sitt omfang av fleirkulturell litteratur.

Metoden eg nytta for å kategorisere tekstane i empirien, var ein form for innhaldsanalyse, og for å velje ut fleirkulturelle tekstar var eg då nøydd til å bli einig med meg sjølv kva tekstar eg ville inkludere i denne kategorien av litteratur. Den kvantitative innhaldsanalysen til Øyvind Bratberg gav meg verktøya eg trengte for å lage tematiske kodingseiningar til utveljinga (2018, s. 105). Ut frå mitt føremål vil eg seie at metoden var god og gjorde utveljingsprosessen lettare. Det kan likevel tenkjast at moglege svakheiter ved metoden og utvalskriteria vil ha påverka resultatet av analysen. Det finst som nemnt fleire definisjonar av den fleirkulturelle litteraturen som legg vekt på ulike nyansar, og som forskar er det ikkje til å unngå at eg har ei eiga forståing av kva denne litteraturen er. Eg laga eigne kriterium for fleirkulturell litteratur, og det er mogleg at ein annan forskar ville ha lagt andre kriterium til grunn for si utveljing. Eg meiner likevel at kriteria eg har valt – etter ei grundig undersøking av fleire definisjonar –, fangar best den definisjonen av fleirkulturell litteratur som eg har valt å ta utgangspunkt i. I tillegg tek kriteria opp viktige sider ved det fleirkulturelle samfunnet i dag, noko litteraturundervisninga i skulen bør spegle. Ei innvending mot å nytte tematiske kriterium er som nemnt at dei i større grad legg opp til at forskaren vil måtte gjere subjektive vurderingar (Bratberg, 2018, s. 105). Det er mogleg at andre forskarar hadde inkludert andre tekstar, eller eventuelt utelate nokre av dei tekstane som eg har teke med. På grunn av at forskarar kan vurdere tematikken ulikt, er det ikkje sikkert at resultatet hadde blitt nøyaktig det same. Då eg utarbeida kriteria, var likevel tanken å velje kriterium som var konkrete og tydelege nok, samstundes som dei

famna om breidda av den fleirkulturelle litteraturen ut frå definisjonen til Torill Strand.

Ytre validitet handlar om kor godt resultatet av ei undersøking i avgrensa omfang kan generaliserast, slik at ein dermed kan trekkje slutningar for ei større mengde data (SNL, 2018b). Eg har undersøkt eitt læreverk, og det kan vere vanskeleg å trekkje sikre konklusjonar ut frå ein så avgrensa studie. Eg meiner likevel at resultatet eg har kome fram til, kan gje ein peikepinn om posisjonen til den fleirkulturelle litteraturen i skulen i dag.

Drøfting av funn

I dette kapittelet vil eg diskutere korleis resultatet eg har kome fram til, kan sjåast i lys av teorien om litteratur som «spegel» og «vindauge», noko teoretikarane Torill Strand (2009) og Åsmund Hennig (2017) legg fram som viktige aspekt ved litteraturen.

Omfang

Eg har rekna at det totale omfanget av fleirkulturell litteratur er 5,4 prosent, noko som tilseier 19 tekstar av 353. Sidan nokre av tekstane vert referert til fleire gonger, er det samanlagde talet på *ulike* fleirkulturelle tekstar 13. Dette viser heilt klart at litteraturen er til stades, noko som er positivt. Ein kan likevel stille spørsmål ved om det er tilstrekkeleg med tanke på kva som er føremålet med norskfaget. I følgje Kunnskapsløftet skal norskfaget fremje kulturforståing og identitetsutvikling, og faget skal vere «... ein arena der dei får høve til å finne sine eigne stemmer, ytre seg, bli høyrde og få svar» (Kunnskapsdepartementet, 2013). Norskfaget skal hjelpe elevane med å finne sin plass i den norske kulturen, samt å utvikle respekt for andre kulturar. Dette er eit viktig, men også eit stort, oppdrag. Litteraturen er ein viktig bidragsytar, og det blir då avgjerande at elevane får tilgang til eit visst omfang av litteratur som kan bidra til identitetsutvikling og kulturforståing. I skulen i dag er mangfald blitt regelen framfor unntaket. Torill Strand påpeiker at mangfald kan «... ses i mange forhold og langs mange dimensjoner, som kjønn, alder, bosted, klasse, religion, og seksualitet» (2009, s. 13). Det seier seg sjølv at det må eit visst omfang til for å kunne treffe alle elevane med sin unike bakgrunn.

Som eg la fram i metodedelen, er basisboka den boka som vert nytta mest i undervisningssamanheng. Tekstsamlingane er tilleggsmateriale, og det er lite sannsynleg at éin klasse nyttar alle fire bøkene. Dette er interessant med tanke på at omfanget av fleirkulturell litteratur då vert endå mindre. I sjølve basisboka fant eg ikkje fleire enn to tekstutdrag. Dersom ein klasse ikkje har tilgang til, eller ikkje nyttar, antologiar, vil omfanget av fleirkulturell litteratur som elevane har tilgang på, bli svært lite. I tillegg er det viktig at omfanget er såpass variert at det treffer alle elevane. Dette gjeld særleg punktet om identitetsutvikling. Minoritetslevane må ha eit tekstutval som legg til rette for å kunne nytte litteraturen som «spegel». Torill Strand understrekar at det å bruke bøker «... for å finne seg sjølv, kjenne seg igjen, finne fortellinger som likner ens eget liv og lese om ulike måter å forholde seg til omverdenen på – alt dette handler om å bruke litteratur i eget identitetsarbeid»

(2009, s. 12). Eg stiller altså spørsmål ved om minoritetslevane faktisk møter eit tekstomfang i dette læreverket som gjer det mogleg for dei å nytte litteraturen som «spegel». Dette dreier i retning av det som Ida Marie Carlsen konkluderer med i si masteroppgåve. Ho fant få tekstar samla sett som tek opp fleirkulturelle perspektiv i dei tre læreverka ho undersøkte, og ho understrekar behovet for dagsaktuelle tekstar som tematiserer viktige aspekt ved dagens fleirkulturelle samfunn, fordi det er viktig å gje alle elevar tekstar dei kan kjenne seg att i (2015, s. 58).

Lengde på tekstane

Når det gjeld dei to utdraga frå basisboka, er noko av det eg la mest merke til at dei er svært korte. Mitt spørsmål er om slike korte utdrag vil kunne leggje til rette for å nytte litteraturen som «spegel» og «vindauge». Åsmund Hennig skriv at fiksjonslitteraturen, «... nettopp ved å presentere en fiksjon, skaper en annen form for opplevelse av personer som levende og pustende individer og ikke bare som ansiktsløse deler av en mengde» (2017, s. 104). Men, som han seier vidare, krev dette også av lesaren at han stig inn og etablerer ei *førestillingsverd* der han dannar bilete, tankar og kjensler, og gjennom dette skapar eit personleg forhold til hovudpersonane. Då vil ein kunne kjenne seg att, bygge identitet og kunne forstå andre. Å danne ei slik førestillingsverd tek tid, og eg er villig til å stille spørsmål ved kor godt dei aller kortaste tekstane vil leggje til rette for dette.

I antologiane er dei aller fleste tekstane lengre. Eit punkt eg likevel vil trekkje fram, er at ein del av tekstane er utdrag frå lengre romanar. På den eine sida kan det å lese utdrag sjølvsagt stimulere til nysgjerrigheit og eit ynskje om vidare lesing. På den andre sida kan det å lese slike korte utdrag oppfattast forvirrande; ein byrjar å lese midt inne i ei handling, og ofte utan å få noko introduksjon til teksten. Alt i alt vil slike utdrag kunne gjere det vanskeleg å få nytta det fulle potensialet til den fleirkulturelle litteraturen.

Tematikk i tekstane

Med tanke på dei tematiske kriteria har eg plassert flest tekstar under kriteriet om kulturmøte. Det er positivt at elevane får moglegheit til å lese om menneske frå ulike kulturar som møtast, og kva som skjer i møtet mellom desse. Ahmed Khateeb påpeiker at det følgjer auka kulturelt mangfald med globalisering, og at dette «... aktualiserer et behov for økt innsikt i hvordan kulturmøter foregår» (2018, s. 286). Khateeb seier også at slike møter vil synleggjere verdiar, tenkjemåtar og tradisjonar

som er felles, og dei som er forskjellige (2018, s. 288). Det kan vere nyttig å lese om kultur møte der ein ser likskapar med tanke på verdiar og tradisjonar. Dette vil kunne minske skiljet mellom «oss» og «dei». Åsmund Hennig skriv at litteraturen «... er en viktig vei til kunnskap om andre kulturer, noe som kan høylene respekten vår for enkeltindivider og øke evnen til å anerkjenne bidrag frå minoritetskulturer» (2017, s. 102). Ikkje berre kan ein finne likskapar mellom ulike kulturar, spesielt god læringseffekt vil ein få dersom ein kan sjå *likskapar i ulikskapar*, i følge Hennig (2017, s. 102). Det at ein kan sjå at ulike kulturelle praksisar og tenkjemåtar botnar i dei same grunnleggjande behova som ligg i det å vere menneske, vil vere ein enorm styrke. Tematikken om kultur møte vil altså kunne opplyse, gjere det framande mindre framand og, viktigast, kunne utvikle empati og respekt for andre menneske. Dette er tematikk både minoritetselevar og majoritetselevar kan relatere seg til.

Mange av tekstane som tek opp temaet om kultur møte, tek også opp temaet om hybriditet. Khateeb seier at det fleirkulturelle samfunn, der kultur møte er vanleg, naturlegvis også vil påverke identitetsutviklinga til kvar enkelt sidan den er knytt opp mot kulturelle tenkjemåtar og tradisjonar (2018, s. 288). Han forstår identitet som eit konstruksjonsprosjekt som utviklast i spennet mellom kulturane som møtast; dette vil vere med å påverke korleis individ må halde seg til eigne tankar og handlingar (2018, s. 288). Eg tenkjer at temaet om hybriditet er noko alle elevar kan kjenne seg att i. På ungdomssteget er ein i tenåra, og dette er ein periode av livet der temaet om identitet er høgst aktuelt. Gjennom å møte menneske i litteraturen på eins eigen alder, og sjå korleis desse taklar utfordringar og situasjonar i livet, vil ein kunne nytte litteraturen som «spegel» gjennom atkjenning og identifisering med hovudpersonane (Strand, 2009, s. 12).

Når vi er inn på aspektet om atkjenning og identifisering, er ei interessant oppdaging at det er svært få tekstar som tek opp tematikken om migrasjonsopplevingar. Ein finn i alt tre ulike fleirkulturelle tekstutdrag. Resepsjonsforskarer Norman Holland meiner, i følge Torill Strand, at alle menneske har eit identitetstema, og ut frå dette «... søker vi bekræftelser og leter i en tekst etter det vi trenger for våre individuelle behov» (2009, s. 34). Migrasjon er ei følge av globaliseringsprosessar, og mange elevar i skulen i dag har sjølv migrert. Ein del av målet med norskfaget er jo at alle elevar skal få litteraturopplevingar som kjennest relevante og meningsfulle. Det at det er så få tekstar som tek føre seg migrasjonsopplevingar, kan signalisere at ein då ikkje tek omsyn til alle.

Litteraturundervisninga må vere ein arena der elevar med slike erfaringar også blir møtt.

Migrasjonstematikk kan også bidra med givande leseopplevingar for elevar som *ikkje* har migrasjonsbakgrunn: Litteraturen blir eit «vindauge» der ein får innblikk i ukjende opplevingar, noko som kan bidra til å utvikle empati, og ei større forståing og respekt for andre menneske.

Under gjennomgangen av empirien var det nokre tekstar eg var usikker på om eg skulle inkludere. Dette gjaldt særleg dei eldre tekstane som novellene «Matt 18.20» og «Skolegutt», og diktet «Sprinterne». Desse tek fører seg tematikk som fornorskingspolitikk, jødeforfølgning og segregering. Sjølv om dette kanskje ikkje er tematikk som er like aktuell lenger, er det viktig å vere klar over at ein finn spor av slik tankegang også i dag, og det å lese tekstar om dette kan setje i gong viktige samtalar om kontroversielle emne. Det å sjå samanheng mellom fortid og notid kan vere givande; det er som eit «vindauge» inn i ei anna tid, og gjennom innleving og det å relatere hendingar til eiga tid kan ein nytte litteraturen som «spegel» og forstå meir av seg sjølv og tida ein lever i. Åsmund Hennig talar om noko han kallar *historisk* empati: «... å rekonstruere holdningene, følelsene og handlingene til en person frå fortiden» (2017, s. 104). Sjølv om ein i desse tekstane kanskje ikkje kan trekkje fram det moderne globaliseringsperspektivet ein tenkjer på i dag, opnar dei like fullt for ei større forståing for korleis samfunnet ein lever i har blitt som det har blitt.

Avslutning

Problemstillinga mi for denne oppgåva har vore å finne ut korleis omfanget av fleirkulturell litteratur i *Nye Kontekst 8-10 Basisbok* og i dei fire tilhøyrande antologiane er. Eg tok utgangspunkt i basisboka og såg på omfang, og på kor mange gonger ho la opp til arbeid med denne typen litteratur. Etter ein grundig gjennomgang av ulike definisjonar på fleirkulturell litteratur laga eg fire kriterium, og desse la grunnlaget for tekstutveljinga. Alle dei fire kriteria – hybriditet, kulturmøte, migrasjonsopplevingar og integrasjonsprosessar – fangar sider ved moderne globaliseringsprosessar, og tematikken kan opne for å nytte litteraturen som «spegel» og «vindauge». Eg klassifiserte 19 av 353 tekstar som fleirkulturell litteratur, men fleire av tekstane vert refererte til fleire gonger, noko som gjer det reelle talet på fleirkulturelle tekstar som elevane kan få møte, 13. Med bakgrunn i dette vil eg konkludere med å seie at den fleirkulturelle kulturen er til stades, men ikkje i stor grad. Eit spørsmål som kan og bør stillast, er om dei aller kortaste utdraga gjer det mogleg å etablere ei førestillingsverd der ein kan leve seg inn og identifisere seg med karakterar, og på denne måten nytte litteraturen sitt fulle potensiale. Når det kjem til tematikk, tek flest tekstar opp temaa om kulturmøte og hybriditet, noko som kan vere positive leseopplevingar for alle elevar. Det temaet som derimot var lite representert, var temaet om migrasjonsopplevingar. Dette kan signalisere at ein ikkje verdset slike erfaringar på lik linje med andre erfaringar. Dei som har slike erfaringar, må få moglegheit til å finne noko i det litterære pensumet i skulen som kan treffe dei. I samband med fagfornyninga i 2020 kjem det fram at ein tilrår at temaet om det fleirkulturelle samfunn blir sett endå meir i søkelyset framover (St.meld. 28, 2016, s. 16). Dette kan tyde på at regjeringa ser viktigheita av å lyfte fram det fleirkulturelle perspektivet i skulen, noko vi får håpe dei nye læremidla knytt til fagfornyninga også vil spegle. Det er ikkje berre spørsmålet om omfang som må takast fatt i; også lengde på tekstane og kva tematikk dei tek opp, er viktige aspekt som bør opp til diskusjon.

Forslag til vidare forskning

Sjølv om eg no har kartlagt omfang av fleirkulturell litteratur med utgangspunkt i *Nye Kontekst Basisbok*, har eg ikkje studert korleis tekstane nyttast i ein skulekontekst; eg veit ikkje noko om korleis tekstane vert brukt i klasserommet og korleis elevane les og tolkar dei. Dette vil ha mykje å seie for om litteraturen kan fungere som «spegel» og «vindauge». Eg tenkjer likevel at denne studien kan nyttast som utgangspunkt for vidare forskning på området, til dømes ved å sjå på den fleirkulturelle litteraturen i bruk i ein skulekontekst.

Kjelder

- Blichfeldt, K. & Fløtre, T. (2010). *Kontekst 8-10: Tekstar 3*. Oslo: Gyldendal Undervisningsforlag.
- Blichfeldt, K., Heggem, T. G. & Larsen, E. (2006). *Kontekst 8-10: Tekstar 1*. Oslo: Gyldendal Undervisningsforlag.
- Blichfeldt, K., Heggem, T. G. & Larsen, E. (2006). *Kontekst 8-10: Tekstar 2*. Oslo: Gyldendal Undervisningsforlag.
- Blichfeldt, K. & Heggem, T. G. (2014). *Nye Kontekst 8-10: Basisbok*. Oslo: Gyldendal Undervisningsforlag.
- Blichfeldt, K. & Nilsen, M. (2014). *Nye Kontekst 8-10: Tekstar 4*. Oslo: Gyldendal Undervisningsforlag.
- Bottenvann, R. (2016). Kulturmøte i tekster og flerkulturell dannelse – tre norsklæreres betraktninger om migrasjonslitteratur. *NOA. Norsk som andrespråk*, 32(1-2), 76-100. Henta frå <http://ojs.novus.no/index.php/NOA/article/view/1312/1299>, 19.03.19.
- Bratberg, Ø. (2018). *Tekstanalyse for samfunnsvitere*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Carlsen, I. M. (2015). «Kulturelle ulikheter gjør livet mer verdifullt»: En kasusstudie om flerkulturelle perspektiver i norskfaget (Masteravhandling). Henta frå <https://munin.uit.no/bitstream/handle/10037/8124/thesis.pdf;jsessionid=9673CD3CD27C41D82A26181512EA9F8D?sequence=2>, 09.03.19.
- Eriksen, T. H. & Sajjad, T. A. (2015). *Kulturforskjellar i praksis: Perspektiver på det flerkulturelle Norge*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Forskrift til opplæringslova. (2006). *Forskrift til opplæringslova (2006-06-23-724)*. Henta frå <https://lovdata.no/forskrift/2006-06-23-724/§17-1>, 20.03.19.
- Johnsen, E. B. (1999). Læreboken. I E. B. Johnsen, *Lærebokkunnskap: Innføring i sjanger og bruk*, s. 9-14. Oslo: Tano Aschehoug.
- Khateeb, A. (2018). Kulturmøter i barnelitteraturen. I R. S. Stokke og E. S. Tønnessen (red.), *Møter med barnlitteratur: Introduksjon for lærere*, s. 284-301. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kongslie, I. (2015). Litteratur i ein fleirkulturell kontekst. *NOA – Norsk som andrespråk*, 30(1-2), 218-246. Henta frå <http://ojs.novus.no/index.php/NOA/article/view/1189/1179>, 12.02.19.

- Kunnskapsdepartementet. (1993). *Den generelle delen av læreplanen*. Henta frå https://www.udir.no/globalassets/upload/larerplaner/generell_del/generell_del_lareplan_nynorsk.pdf?fbclid=IwAR1faWpxaiLXe8FyTtVuAiiHi5WdsvfYV2ZEzJWszrOp9xQmEp-0GRGhc0, 07.03.19.
- Kunnskapsdepartementet. (2004). *Kultur for læring*. (Meld. St. 30 (2003-2004)). Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/988cdb018ac24eb0a0cf95943e6cdb61/no/pdfs/stm200320040030000dddpdfs.pdf>, 20.03.19.
- Kunnskapsdepartementet. (2016). *Fag – Fordypning – Forståelse: En fornyelse av Kunnskapsløftet* (Meld. St. 28 (2015-2016)). Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/e8e1f41732ca4a64b003fca213ae663b/no/pdfs/stm201520160028000dddpdfs.pdf>, 20.03.19.
- Opplæringslova. (1998). *Lov om grunnskole og den vidaregåande opplæringa* (1998-07-17-61). Henta frå <https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§9-4>, 20.03.19.
- Smidt, Jon. (2005). *Litteratur i skolen – ord og visjoner i tid og virkelighet*. I B. K. Nicolaysen og L. Aase (red.), *Kultur møte i tekstar: litteraturdidaktiske perspektiv*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Statistisk sentralbyrå. (2019). *07111: Innvandrere og norskfødte med innvandrerforeldre, etter statistikkvariabel og år* [Datasett]. Henta frå <https://www.ssb.no/statbank/table/07111/tableViewLayout1/>, 06.03.19.
- Store Norske Leksikon. (2018a). *Migrasjon*. Henta frå <https://snl.no/migrasjon>, 03.03.19.
- Store Norske Leksikon. (2018b). *Validitet*. Henta frå <https://snl.no/validitet>, 19.04.19.
- Strand, T. (2009). *Litteratur i det flerkulturelle klasserommet: Mangfold, migrasjon og muligheter*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Utdanningsdepartementet. (2013). *Læreplan i norsk (NOR1-05)*. Henta frå <https://www.udir.no/kl06/NOR105/Hele/Formaal?lplang=http://data.udir.no/kl06/nno>, 05.03.19.

Vedlegg

Vedlegg 1: Tabell 1

<p>Basisboka: Refererer til skjønnlitterære tekstar i antologiane</p>	<p>S. 97: 10 tekstar. <i>Tekstar 4:</i> s. 150. (9 twitternoveller på denne sida). <i>Tekstar 2:</i> s. 70.</p>	<p>S. 203: 4 tekstar. <i>Tekstar 4:</i> s. 319. <i>Tekstar 1:</i> s. 220. <i>Tekstar 2:</i> s. 26. <i>Tekstar 3:</i> s. 319.</p>	<p>S. 320: 6 tekstar. <i>Tekstar 3:</i> s. 196 (utdrag grafisk roman) kulturmøte ikkje «varig» nok. <i>Tekstar 2:</i> s. 74. (4 teikneseriestriper). <i>Tekstar 1:</i> s. 54. <i>Tekstar 4:</i> s. 194.</p>
<p>S. 15: 4 tekstar. <i>Tekstar 4:</i> s. 176 <i>Tekstar 1:</i> s. 258 <i>Tekstar 2:</i> s. 15 <i>Tekstar 3:</i> 153</p>	<p>S. 106: 2 tekstar. <i>Tekstar 1:</i> s. 287? (dikt). <i>Tekstar 2:</i> s. 30.</p>	<p>S. 213: 4 tekstar. <i>Tekstar 4:</i> s. 217. <i>Tekstar 1:</i> s. 353. <i>Tekstar 2:</i> s. 15. <i>Tekstar 3:</i> s. 126.</p>	<p>S. 329: 1 tekst. <i>Tekstar 2:</i> s. 139 (utdrag) hybriditet/kulturmøte/integrasjonsprosessar.</p>
<p>S. 21: 1 tekst. <i>Tekstar 1:</i> s. 119.</p>	<p>S. 115: 0 tekstar.</p>	<p>S. 221: 5 tekstar. <i>Tekstar 2:</i> s. 189 (utdrag frå roman) kulturmøte/hybriditet. <i>Tekstar 3:</i> s. 272. <i>Tekstar 1:</i> s. 294. <i>Tekstar 4:</i> s. 343. <i>Tekstar 1:</i> s. 170.</p>	<p>S. 337: 3 tekstar. <i>Tekstar 4:</i> s. 228 (utdrag) integrasjonsprosessar. <i>Tekstar 1:</i> s. 308. <i>Tekstar 2:</i> s. 131.</p>
<p>S. 31: 4 tekstar. <i>Tekstar 4:</i> s. 170. <i>Tekstar 1:</i> s. 347. <i>Tekstar 2:</i> s. 177. <i>Tekstar 3:</i> s. 238.</p>	<p>S. 121: 0 tekstar.</p>	<p>S. 229: 4 tekstar. <i>Tekstar 4:</i> s. 152. <i>Tekstar 1:</i> s. 170. <i>Tekstar 1:</i> s. 344 (novelle) integrasjonsprosessar. <i>Tekstar 3:</i> s. 110.</p>	<p>S. 345: 5 tekstar. <i>Tekstar 4:</i> s. 264 (songtekst). <i>Tekstar 4:</i> s. 301. <i>Tekstar 2:</i> s. 49. <i>Tekstar 1:</i> s. 353. <i>Tekstar 3:</i> s. 190 (songtekst).</p>
<p>S. 38: 2 tekstar. <i>Tekstar 4:</i> s. 168 (monolog). <i>Tekstar 4:</i> s. 248 (dikt).</p>	<p>S. 127: 0 tekstar.</p>	<p>S. 237: 5 tekstar. <i>Tekstar 4:</i> s. 158. <i>Tekstar 4:</i> s. 278. <i>Tekstar 1:</i> s. 176. <i>Tekstar 2:</i> s. 220. <i>Tekstar 3:</i> s. 238.</p>	<p>S. 355: 3 tekstar. <i>Tekstar 1:</i> s. 220. <i>Tekstar 1:</i> s. 158 (dikt). <i>Tekstar 3:</i> s. 184.</p>
<p>S. 40: 4 tekstar <i>Tekstar 4:</i> s. 266 (drama) hybriditet. <i>Tekstar 2:</i> s. 224. <i>Tekstar 2:</i> s. 258 (songtekst). <i>Tekstar 3:</i> s. 216.</p>	<p>S. 133: 0 tekstar.</p>	<p>S. 247: 3 tekstar. <i>Tekstar 3:</i> s. 170 (songtekst) kulturmøte/hybriditet. <i>Tekstar 1:</i> s. 283. (dikt): <i>Sprinterne</i> (integrasjonsprosessar) og <i>Til ungdommen</i>.</p>	<p>S. 361: 4 tekstar. <i>Tekstar 4:</i> s. 266 (drama) hybriditet. <i>Tekstar 1:</i> s. 366 (novelle) integrasjonsprosessar/kulturmøte. <i>Tekstar 2:</i> s. 239 (songtekst).</p>

			Tekstar 3: s. 274 (utdrag) hybriditet/kulturmøte.
S. 51: 0 tekstar.	S. 143: 1 tekst (dikt). <i>Tekstar 1: s. 265.</i>	S. 257: 4 tekstar. <i>Tekstar 3: s. 102.</i> Tekstar 1: s. 344 (novelle) integrasjonsprosessar. <i>Tekstar 2: s. 177.</i> <i>Tekstar 4: s. 141.</i>	S. 373: 2 tekstar. <i>Tekstar 4: s. 343.</i> <i>Tekstar 4: s. 236 (songtekst).</i>
S. 59: 0 tekstar.	S. 149: 0 tekstar.	S. 267: 4 tekstar. <i>Tekstar 4: 323.</i> <i>Tekstar 2: s. 97.</i> <i>Tekstar 1: s. 320 (2 dikt: Asphalt og Antenner)</i>	S. 383: 7 tekstar. <i>Tekstar 4: s. 194.</i> <i>Tekstar 4: s. 292.</i> <i>Tekstar 4: s. 194.</i> <i>Tekstar 4: s. 388.</i> <i>Tekstar 4: s. 370.</i> Tekstar 2: s. 45 (novelle) migrasjonsopplevingar/kulturmøte/hybriditet. Tekstar 3: s. 274 (utdrag) hybriditet/kulturmøte.
S. 65: 1 tekst. <i>Tekstar 1: s. 46.</i>	S. 157: 0 tekstar.	S. 277: 4 tekstar. <i>Tekstar 1: s. 270 (dikt).</i> <i>Tekstar 4: s. 360.</i> <i>Tekstar 2: s. 109 (utdrag).</i> <i>Tekstar 3: s. 126.</i>	S. 396: 3 tekstar. <i>Tekstar 4: s. 306.</i> <i>Tekstar 1: s. 208.</i> <i>Tekstar 3: s. 132.</i>
S. 71: 1 tekst. <i>Tekstar 1: s. 184.</i>	S. 167: 0 tekstar.	S. 283: 3 tekstar. <i>Tekstar 1: s. 184.</i> Tekstar 2: s. 189 (utdrag) kulturmøte. Tekstar 3: s. 300. (utdrag) migrasjonsopplevingar.	
S. 80: 0 tekstar.	S. 187: 4 tekstar. <i>Tekstar 2: s. 36.</i> <i>Tekstar 3: s. 129.</i> <i>Tekstar 4: s. 158.</i> <i>Tekstar 1: s. 154.</i>	S. 301: 1 tekst. <i>Tekstar 2: s. 66.</i>	
S. 89: 1 tekst. <i>Tekstar 1: s. 194.</i>	S. 195: 4 tekstar. <i>Tekstar 4: s. 178.</i> <i>Tekstar 1: s. 297.</i> <i>Tekstar 2: s. 18.</i> <i>Tekstar 3: s. 102.</i>	S. 309: 1 tekst. <i>Tekstar 2: s. 70</i>	
Tal på tekstar: 115			
Tal på fleirkulturelle tekstar: 15			
Prosent fleirkulturell litteratur: 13 %			

Vedlegg 2: Tabell 2

I basisboka: Utdrag som er kortare enn ei halv side (eksempeltekstar frå kursdelane og tekstutdrag frå oppgåvesidene)	
S. 30: 2 tekstar. «Gjennom skogen» «Besøk»	S. 229: 3 tekstar. «Seksordsnoveller»
S. 31: 1 tekst. «Batman og julenissen»	S. 237: 1 tekst (vits). «Ein kanin kom...»
S. 50: 1 tekst. «Blodrød vei»	S. 256: 1 tekst (vits). «Jeg har stått ansikt til ansikt...»
S. 39: 1 tekst (dikt). «Litt sliten»	S. 257: 1 tekst (vits). «Et ektepar...»
S. 40: 2 tekstar (dikt). «Åleine» «Det er langt mellom venner»	S. 266: 1 tekst. «Det lå et skip...»
S. 97: 1 tekst. «Avstanden...»	S. 282: 2 tekstar. «Min bror...» «Vi skulle på ferie...»
S. 104: 2 tekstar. «Vaktmeisteren...» «Hunden var...»	S. 312: 3 tekstar (teikneseriestriper). «Veslemøy» «Pondus» «Zelda»
S. 105: 1 tekst. «Bråket frå flyet...»	S. 318: 1 tekst (teikneserie). «Drageløperen»
S. 202: 2 tekstar. «Laget vårt...» «Det er ikkje mogleg!...»	S. 343: 1 tekst (songtekst). «Husk at livet går fort»
S. 213: 1 tekst «Eg bestemmer meg...»	S. 377: 2 tekstar. «Gater uten navn» «I havet er det krokodiller» (utdrag) migrasjonsopplevingar.
S. 225: 1 tekst. «Korttekst»	S. 393: 1 tekst. «Huset er tomt...»
S. 226: 9 tekstar. «Seksordsnoveller»	S. 394: 2 tekstar. «Linn las...» «Han åpner...»
S. 227: 6 tekstar. «Twitternoveller»	
S. 228: 1 tekst. «Løft opp katten...»	
Tal på tekstar: 50	
Tal på fleirkulturelle tekstar: 1	
Prosent fleirkulturell litteratur: 2 %	

Vedlegg 3: Tabell 3

Utdrag som er lengre enn ei halv side (eksempeltekstar frå kursdelane og tekstutdrag frå oppgåvesidene)
S. 181: 1 tekst. «Å falle for nokon»
S. 207: 1 tekst. «Kode raud»
S. 224: 1 tekst. «Ringen»
S. 232: 1 tekst. «Et dukkehjem»
S. 233: 1 tekst. «Sånne som oss»
S. 235: 1 tekst. «Oskleadden som kappåt med trollet»
S. 261: 1 tekst. «Ingen vei tilbake»
S. 382: 1 tekst. «Hitta hem» (utdrag) kulturmøte.
Tal på tekstar: 8
Tal på fleirkulturell litteratur: 1
Prosent fleirkulturell litteratur: 12,5 %

Vedlegg 4: Tabell 4

Basisboka: Kor mange gonger oppgåvene legg opp til arbeid med utdrag i basisboka (Tal i parentes er tal på tekstar det blir referert til)	S. 221: Oppgåve 11b (1): «Ringen» s. 224.
S. 29: oppgåve 6 (2): «Gjennom skogen» og «Besøk» s. 29.	S. 228: Oppgåve 2 (1): «Ringen» s. 224. Oppgåve 3 (1): «Ringen» s. 224. Oppgåve 5 (1): «Løft opp katten...» s. 228.
S. 30: oppgåve 7 (1): «Batman og julenissen» s. 30.	S. 229: Oppgåve 6a (1): «For sale...» s. 229. Oppgåve 6b (1): «Svart katt...» s. 229. Oppgåve 7 (1): «Men ho tenkte...» s. 229. Oppgåve 8 (1): «Ringen» s. 224. Oppgåve 11 (16): «Korttekst», «seksordsnoveller» og «twitternoveller» i kursdelen s. 225-227.
S. 38: oppgåve 7 (1): «Det er langt mellom venner» s. 40. (dikt)	S. 237: Oppgåve 4 (1): «Ein kanin kom...» s. 237. Oppgåve 5 (1): «Et dukkehjem» s. 232. Oppgåve 6 (1): «Oskeladden som kappåt med trollet» s. 235.
S. 39: oppgåve 8 og 10 (3 x 2) tekstar (dikt): «Litt sliten» s. 39. «Det er langt mellom venner» s. 40. «Åleine» s. 40.	S. 246: Oppgåve 4 (2): «Her» og «Ikea kunderadio» s. 241.
S. 51: oppgåve 11 (1): «Blodrød vei» s. 50.	S. 256: Oppgåve 9 (1): «Jeg har stått ansikt til ansikt...» s. 256.
S. 96: oppgåve 6 (1): «Avstanden...» s. 97.	S. 257: Oppgåve 10 (1): «Å falle for nokon» s. 181. Oppgåve 11 (1): «Et ektepar...» s. 257.
S. 104: oppgåve 2 (1): «Vaktmeisteren...» s. 104. Oppgåve 3 (1): «Hunden var...» s. 104.	S. 265: Oppgåve 3 (1): «Ingen vei tilbake» s. 261.
S. 105: Oppgåve 6 (1): «Bråket frå flyet...» s. 105.	S. 266: Oppgåve 12 (1): «Det lå et skip...» s. 266.
S. 186: Oppgåve 2 og 5 (2): «Å falle for nokon» (x2) s. 181.	S. 282: Oppgåve 2 (1): «Min bror...» s. 282. Oppgåve 5 (1): «Vi skulle på ferie...» s. 282.
S. 194: Oppgåve 2 (10): i kursdelen s. 191. Oppgåve 3 (14): i kursdelen s. 190-191.	S. 318: Oppgåve 3 (4): «Drageløperen» s. 318 + «Veslemøy», «Pondus» og «Zelda» på s. 312.
S. 202: Oppgåve 2a (1): «Laget vårt...» s. 202. Oppgåve 3 (1): «Det er ikkje mogleg...» s. 202.	S. 343: Oppgåve 3 (1): «Husk at livet går fort» (songtekst) s. 343.
S. 212: Oppgåve 2 (1): «Kode raud» s. 207. Oppgåve 7a (1): «Kode raud» s. 207.	S. 382: Oppgåve 2 (2): «Gater utan namn» «I havet er det krokodiller» på s. 377. (utdrag) migrasjonsopplevingar. Oppgåve 3 (1): «Hitta hem» s. 382. (utdrag) kultur møte.

<p>S. 213: Oppgåve 7b (1): «Eg bestemmer meg...» s. 213. Oppgåve 8 (1): «Kode raud» s. 207. Oppgåve 9 (1): «Sommaren kjem...» s. 210.</p>	<p>S. 393: Oppgåve 4 (3) + oppgåve 5 (3): «Huset er tomt...» s. 393. «Linn las...» «Han åpner...» s. 394. Oppgåve 6 (1): «Huset er tomt...» s. 393. Oppgåve 7 (2): «Linn las...» «Han åpner...» s. 394.</p>
<p>Tal på tekstar: 101</p> <p>Tal på fleirkulturelle tekstar: 2</p> <p>Prosent fleirkulturell litteratur: 2 %</p>	

Vedlegg 5: Tabell 5

Basisboka: Tekstutdrag i løpende tekst i kursdelane			
S. 46 (1): «Halvbroren»	S. 198 (1): «Den varmaste sommaren på hundre år»	S. 210 (2): «Snorres kongesagaer» «La stå!»	S. 239 (1): «I haust og måneskin...» (dikt)
S. 98 (1): «Plutseleg kyssa ho meg...»	S. 199 (6): «Han sukka...» «Far skrudde av...» «Ho byksa...» «Kaffien var...» «Pen var det...» «Den gamle mannen...»	S. 211 (1): «Endeleg var ho heime...»	S. 241 (2): «Her»? (rapp) «Tversoververs» (rim)
S. 189 (1): «Romanen om Merkel Hanssen og Donna Winter og Den store flukten»	S. 200 (5): «Eg berre elsker...» «Du var heldig...» «Truls følte seg...» «Orkanger» «Naomi runda hjørnet...»	S. 215 (3): «Proffdrømmen» «Blodspor» «Eg står her og skal slå opp med ei jente»	S. 242 (3): «Vreid var Ving...» (rim) «Betre bør du...» «Der alle stier taper seg» (dikt)
S. 190 (4): «Vertinnen» «Mannen som elsket Yngve» «Mafioso» «Den varmaste sommaren på hundre år»	S. 204 (1): «Han som skriv...» (Eks. på innleiing)	S. 216 (2): «Skyt meg» «Bilen stoppa...»	S. 243 (1): «Godmorgen Norge» (rapp)
S. 191 (10): «On» «Den magiske gitaren» «Karens jul» «Sweet Sixteen» «En liten oppdiktet historie» «Same kva som hender» «Liket» «Eg står her og skal slå opp med ei jente» «Berre på leik» «Julegaven»	S. 205 (2): «Muffe 3 – Skoda Octavia Combi» «Sikkersticket»	S. 217 (3): «Ny melding» «Elskar meg – elsker meg ikkje» «Arret og sverdet»	S. 244 (2): «Svarttrost» (dikt) «Sneglen» (dikt)
S. 192 (5): «Den store dagen» «Det blå rommet» «Soldaten som ikkje skjøt»	S. 206 (5): «Det var det...» (x2) «Mamma sa at...» «Noko slikt ville...»	S. 218 (1): «Ein gut har bestemt seg...»	S. 327 (3): «Avdeling M» (rapp) «Emire og Lillebror» (rapp) «The Real Tim» (rapp)

«Elskar meg – elsker meg ikkje» «Bootylicious»	«Den varmaste sommaren på hundre år»		
S. 197 (4): «Fisken» «Hviskelek» «Kaoskrigeren» «Skammarteiknet»	S. 209 (3): «Blomstenes hemmelige språk» «Den blå hansken og venstrevillstyringen» «Vi skar iallfall pent av osten»	S. 234 (1): «Det var ein gong...»	S. 371 (1): «Mørkemanaren»
			S. 390 (4): «Hamarkrøniken» «Graff-Skrift» «Ak, Amalie...» (dikt) «Verdensredderne»
<p>Tal på tekstar: 79</p> <p>Tal på fleirkulturelle tekstar: 0</p> <p>Prosent fleirkulturell litteatur: 0 %</p>			